



Møre og Romsdal
fylkeskommune

PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	02.05.2022	58570/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	23.06.2022

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Aureosen Brygge 2 - gbnr 14/433 - fråsegn ved avgrensa ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld detaljregulering for Aureosen Brygge 2 med formål å legge til rette for konsentrert bustadbygging.

INNLEIING

I samråd med Sykkylven kommune, har ProESS AS sendt eit revidert planforslag til avgrensa ettersyn, etter at fylkeskommunen i første runde hadde motsegn (vårt brev 30.01.2022). Motsegna var knytt til omsyn til trafikktryggleik, støy og til planfaglege forhold.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Plankart og føresegner er retta opp slik at motsegn på planfagleg grunnlag kan trekkast har ikkje ytterlegare merknader

Samferdsel

Fylkesvegen si tryggleikssone og støy

I tidlegare fråsegn vart det peikt på at planforslaget la til grunn ei løysing som ikkje var i tråd med gjeldande, tekniske krav/handbøker om vegutforming, og behovet for sikring av sideterreng, tilstrekkeleg støyskjerming. Planforslaget er no revidert og følgande føresegn er inkludert under § 2 Fellesføresegner (utdrag):

2.9 – Støyskjerming:

Det skal etablerast støyskjerming langs fylkesvegen. Ved prosjektering og etablering skal gjeldande tekniske krav til trafikkikkert sideterreng, jf. Statens Vegvesens håndbok N101, leggest til grunn.

Vi minner for ordens skuld om N101 sitt "skal-krav" 3.2.2-5, om avslutning i vegens lengderetning av skjeringsskråning, voll m.m.

Vi minner òg om at ein ev. gjennomføringsavtale med fylkeskommunen er ein privatrettsleg avtale og ikkje har heimel som planføresegn.

I tidlegare fråsegn peikte vi også på at det var lagt til grunn ein annan ÅDT på fylkesvegen enn siste registreringar viser. Ut frå dette er støyvurderinga er no revidert. Det bør innarbeidast som føresegn at vindu og fasadeelement må sikre akseptabelt støynivå innandørs.

Ut frå dette kan vi trekke motsegna som blei reist i vårt brev 31.01.2022

KONKLUSJON

Motsegn gitt i brev 31.01.2022 blir med dette trekt og planen kan for vår del eigengodkjennast.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar
Samferdsel:

Kopi:
Sykkylven kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen